

Thaimat også i Uskedalen - lavvo snart ferdig

06.09.2012



Lavvoen på Skårhaug er snart ferdig

**Hvis kommunen seier ja, blir det thaimat å få kjøpt også
i sentrum av Uskedalen. Styret i Uskedalen Utvikling
har fått ein førespurnad
om sal av slik mat utanfor Gamleskulen og hadde ikkje
merknader.då dei hadde oppe saka på siste møte
Det er kommunen som eig grunnen der og står for det
formelle løyve.**

Før madsalet eventuelt startar til våren skal det lagast ei avtale med Uskedalen Utvikling om straumuttak, renovasjon og avhending av spillvatn.

Det er frå før sal av thaimat fleire stader i kommunen, mellom anna i Dimmersvik.

Styret var takksame og positive til å ta imot eit ambulerande høgtalaranlegg som var ei gavé frå Kari og Selma Eik. Det vart understreka at det er viktig at nokre utvalde personar tek ansvaret for anlegget, vedlikehald. utlån og bruk

Lavvoen på Skårhaug som snart er ferdig vart og drøfta. Jan Erik Olsson og Kristian Bringedal har vore i møte med styrar og foreldre i den kommunale barnehagen og det føreligg eit utkast

til avtale. Prosjektet er fullfinansiert. Likevel vert det søkt Gjensidigstiftelsen om midlar innan fristen 15. september.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen